



Handlingsprogram for 2015 – 2020

**Tematisk forskingssatsing for
folkehelse, livsstil og overvekt**

24. november 2014

John Roger Andersen, Ph.D

Forskningsgruppeleiar – Forskningsgruppe for folkehelse, livsstil og overvekt,
Helse Førde og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Førsteamanuensis – Avdeling for Helsefag, Høgskulen i Sogn og Fjordane

Innleiing

Styret i Helse Førde (HF) vedtok i styresak 87/2013A forskings- og innovasjonsstrategi for perioden 2014-2020. Strategiske forskingsatsingar organisert som tematiske forskingsgrupper er eit sentralt tiltak i planen.

Forskingstema for gruppene skal vere innanfor rammene fastsett i samarbeidsavtalen om Senter for helseforskning og innan tema der HFD har føresetnader til å oppnå forskingskvalitet på høgt internasjonalt nivå.

Gjennom at enkeltforskarar vert samla i større grupper kan dette bidra til at kvaliteten blir høg nok til å publisere jamt i gode internasjonale fagfelle-vurderte tidsskrift, samt å ha vesentleg betre moglegheit til å nå opp i nasjonale og internasjonale konkurransar om forskingsmidlar. Gjennom dette kan vi skape stabile og robuste forskingsmiljø.

Dette dokumentet beskriv femårsplan for forskingsgruppa «Folkehelse, livsstil og overvekt» (FLO).

Bakgrunn

Bakgrunnen for forskingsgruppa FLO er Helse Førde si satsing «Multidisiplinær tilnærming til behandling, oppfølging og rehabilitering av menneske med sjukleg overvekt» (2009-2013/14) Satsinga var finansiert av strategiske forskingsmidlar frå Helse Vest og av Helse Førde sine egne midlar. Satsinga har gjennom heile prosjektperioden samarbeid nært med Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) gjennom Senter for helseforskning (SHSF). HiSF har i denne perioden også hatt sjukleg overvekt som forskingsatsing.

Satsinga hadde følgjande føremål: Å auke forskingsaktivitet -og kompetanse i HFD ved å byggje eit robust multidisiplinært kompetanse -og forskingsmiljø i høve til pasientar med sjukleg overvekt og overvektsrelatererte sjukdomar.


Delmål

- Bidra til ei plattform for berekraftige forskingsmiljø innan andre felt i føretaket
- Utvikle ein lokal forskingskultur
- Auke eksterntfinansiering av forskning
- Utvikle forskingssamarbeid lokalt, regionalt og internasjonalt.

Stastinga vart vurdert som svært vellykka av ei ekstern evalueringsgruppe sett ned av Helse Vest i 2014. Evalueringa vurderte at prosjektet vart gjennomført i forhold til planane og at det hadde vore ei mykje positiv utvikling. Det vart påpeika at ein hadde lukkast med samhandlinga med andre strategiske satsingar, at forskinga har vore både klinikknær og translasjonell, og at resultata i høve vitskaplege publikasjonar og doktorgrader var svært gode.

Forskningsgruppa FLO skal forvalte kunnskapen og datamaterialet frå dette prosjektet, samt vidareutvikle fagområdet i åra som kjem.

Organisering



Overordna målsetjingar og tiltak

Det overordna målet er å generere kunnskap som gir betre kvalitet på helsetenester. Vårt forskingsmiljø skal vere prega av tydeleg tverrfagleg samarbeid.

Forskargruppa skal ha særleg fokus på forskning i spennet mellom behandling og førebygging av livsstilrelaterte lidningar hos menneske i alle aldrar, med fokus på fedme, livsstil og pasientrapporterte data. Forskargruppa skal vere opne for andre forskingstema når ein vurderer at det er tilstrekkeleg felles referansepunkt av fagleg og/eller metodisk art.

Vi vil byggje vidare på det regionale samarbeidet og vidareutvikle det nasjonale fag- og forskningssamarbeidet innan overvekt og fedme.

Forskning på sjukleg overvekt knytt til kvalitets- og forskingsregisteret i Helse Førde har vore, og vil framleis vere viktig for å publisere langtidsresultat av høg kvalitet frå den kirurgiske behandlinga. Vi har eit nasjonalt ansvar på dette området fordi Helse Førde her har ein unik database, med Norges eldste og mest omfattande register for fedmekirurgi. Vi vil også bidra til at data frå HFD vert inkludert i det nasjonale kvalitetsregisteret for fedmekirurgi (SOREG-N)¹, og halde fram med å støtte opp under at pasientar frå HFD bidreg i den regionale biobanken med biologisk materiale, i samarbeid med Gunnar Mellgren, (UiB/Helse Bergen). Vi vil vidare ligge i framkant av avanserte

¹ <http://www.helse-bergen.no/no/FagOgSamarbeid/forskning/Sider/Norsk-kvalitetsregister-for-fedmekirurgi.aspx>

analysemetodar og samarbeide med «Fjordomics²» i høve dette.

Vi skal også forske på ikkje-kirurgiske behandlingsformer og helsetenester og effekten av desse på sjukleg overvekt hos vaksne og på fedme hos barn.

Vi skal vidare forske på primærførebyggande tiltak knytt til fysisk aktivitet, samt folkehelse tema som forskarar i vårt miljø har særskilte føresetnader for å bli gode på. Vi har store mengder med innsamla data, inkludert Samhandlingsbarometeret (ved Hans Johan Breidablik), som kan nyttast i ulike prosjekt.

Overordna målsettingar	Tiltak
Vedlikehalde og vidareutvikle kvalitetsregisteret for fedmekirurgi og biobank	Arbeide systematisk og langsiktig for å ha god tilgang på forskingsdata av høg kvalitet. Det er viktig at eksisterande forskingsdatabasar vert vedlikehaldne og at vi stadig jobbar for å tilgang til nye relevante data.
Produsere og publisere forskning av høg vitskapeleg kvalitet	God publisering skal verdsettast høgt. Leiar av forskingsgruppa skal syte for at gruppa sin faglege aktivitet vert årleg eksternt vurdert av «scientific advisory board» (SAB).
Utvikle eit robust og godt forskarmiljø der deltakarane er gode på positiv samhandling både internt og med andre	Gruppa skal ha regelmessige felles samlingar med fokus både på miljøskaping og fagleg utvikling. Når gruppa deltek på ulike arrangement skal ho legge stor vekt på å aktivt oppsøke interessante mulige framtidige samarbeidspartnarar. Slikt nettverksarbeid skal verdsettast svært høgt. Å delta på og arrangere vitskapelege konferansar skal difor prioriterast høgt. Forskingsgruppeleiar skal ha utviklingssamtale med alle medlemmer kvart år.
Kommunisere kunnskap om forskingsfeltet til praksis, studentar og til den generelle befolkninga	Forskargruppa skal ta kontakt med relevante fagmiljø i Helse Førde, Høgskulen og i fylket for å invitere til regelmessig samhandling om viktige felles tema. Gruppa skal kvart år ha eigen «stand» på Forskingsdagane, og utarbeide strategi for medie-kommunikasjon.
Arbeide tett saman med helsepersonell som ikkje forskar slik at forskargruppa sin aktivitet vert vurdert som relevant og viktig for klinikarar og leiarar.	Forskingsgruppeleiar skal syte for at relevante praksisfelt vert invitert med i gruppa, og at dei vert stimulert til å delta på faglege konferansar med framlegg av abstract. Nye forskingsprosjekt skal utviklast i dialog med det kliniske fagmiljøet.
Få fram nye master, PhD og Post.doc prosjekt	Forskingsgruppa skal ha midlertidige stipend og driftsmidlar til både å starte opp og halde i gang gode og viktige prosjekt. Gode prosjekt som manglar anna finansiering kan også støttast. Tildeling av slike

² Fjordomics er eit innovasjonsprosjekt i utvikling, og har fått finansiering frå INU og Sparebankstiftelsen.

	midlar føreset at ein søker på eksterne midlar. Alle som søker ekstern finansiering skal få rettleiing, og søknadane skal gjennomgå ei kvalitetsvurdering.
Samhandle med brukarar av helsetenester	I utviklinga av større nye forskingsprosjekt skal ein involvere brukarrepresentantar.
Skaffe ekstern finansiering	Arbeid med å skaffe ekstern finansiering skal ha høg prioritet. Det vert sett av midlar til frikjøp i høve søknadsskriving.

Budsjett for perioden, egne midlar frå Helse Førde til FLO (tal i 1000)³

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
10% frikjøp gruppeleiar og 10% frikjøp administrativ støtte	195	201	207	213	219	226
Seniorforskar(ar) i II-stilling, totalt 20% stilling, inkl. reise	180	185	191	197	203	209
Forskningsdata-arbeid/ansvar 10%	75	77	80	82	85	87
Driftsmidlar (Nettverksarbeid forskingsgruppeleiar, Reisekostnader, møter, nasjonale og internasjonale konferansar, vurderingskomitear, språkvask, støtte til publisering (open access))	240	250	260	275	290	300
Forskningsstipend 50%	409	420	434	448	461	476
Prosjektutviklingsstipend inntil 3 mndsværk	205	210	217	224	231	235
Scientific Advisory Board / timeløn	40	41	42	44	45	46
Disponerast når prosjektet er i gang	86	91	90	81	79	85
Indirekte kostnader	70	70	70	75	75	75
	1 500	1 545	1 591	1 639	1 688	1 739

³ Lagt inn prisstigning på ca 3%